

ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 2001

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag (BUL).

Styret:

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL

Nestleiar: Monica Bondevik Dale, BUL

Styremedlemer:

Frå utval for plan og utvikling: Odd Atle Linde

Varamedlem: Lars Sjøtun

Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.

Styret har hatt 2 møte.

Faste medarbeidarar:

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.

Merete har elles vore økonomiansvarleg og maskinist.

Monica Lerheim har hatt hovudansvaret for snopsalet.

I tillegg har ungdomsgruppa vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga.

Våren 2001: Marit, Astrid og Gunhild Ro, Solveig Eithungjerde Høyvik og Grete Olin Engan.

Hausten 2001: Astrid, Grete Olin Engan og Marthe Harlem.

Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

Aktiviteten til kinoen i 2001:

A. Representasjon:

Merete deltok på årsmøtet til Balestrand Bygdahus L/L.

Kinosjef Marianne Hoff har vore leiar av Norsk kinoforbund (NKF) også i 2001 og deltok på NKF sitt årsmøte ilag med Merete Sande, som er medlem i valnemnda.

Marianne har som leiar i NKF vore delegat til Norske kinosjefers forbund (mars) og

Kommunale kinematografers landsforbund (KKL) sitt landsmøte i Oslo i juni.

B. Deltaking på filmtreff og festivalar

Januar: Marianne og Merete på filmfestival m/ filmtreff i Tromsø

Februar: Merete på Oslo filmdagar

Mars: Merete og Monica på filmtreff i Oslo

April: Merete på filmtreff i Oslo

August: Marianne, Merete og kultursjef Hilde Mauritzen på filmfestivalen i Haugesund

Oktober: Merete på filmtreff.

Marianne deltok på Bergen internasjonale filmfestival (BIFF).

November: Merete og Monica deltok på filmtreff i Oslo.

Desember: Merete og Marianne deltok på filmtreff med julebord (Marianne som representant for Norsk kinoforbund) i Oslo.

Kort vurdering: Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar vel difor slike arenaer framfor å ta ut løn / godtgjersle.

Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Norsk kinoforbund dekker eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter.

Dette gir mindre utlegg på kinoen.

C. Filmtilbudet:

Vi har synt 73 filmar i 2001 (likt med 2000) og hatt tilsaman 113 framсыningar (105 i -00); dvs. ein auke 8 framсыningar.

Tilsaman var 4078 personar på kino og billettinntektene vart kr. 162.710,-

Det var eit snitt på 55,86 besøkande pr. film.

Til samanlikning var tala for 2000: 3.695 personar og kr.137.075,- i billettinntekter; eit snitt på 50,6 besøk pr. film. Det er omlag 10 % auke og dermed det beste resultatet sidan vi overtok drifta.

Dei 4078 besøkande fordelte seg på 3.350 vaksne og 728 born.

I tal vaksne er det innrekna også born og ungdom på kveldsframсыningar (start seinare enn kl.1800)

BEST BESØKTE FILMAR:

1.	HEFTIG OG BEGEISTRET	219
2.	DET STØRSTE I VERDEN	206
3.	ELLING	185
4.	HARRY POTTER OG DE VISES STEIN	180
5.	BRIDGET JONES DAGBOK	172
6.	CAST AWAY (Noregs-premiere)	161
7.	PEARL HARBOUR	157
8.	ATLANTIS	130
9.	102 DALMATINERE	120
10.	SHREK	114
10.	COYOTE UGLY	114
12.	SCARY MOVIE	107
13.	ET KONGERIKE FOR EN LAMA	103
14.	TIGERGUTT	88
15.	CHARLIES ANGELS	86
15.	TOMB RAIDER	86
17.	AMERICAS SWEETHEARTS	77
18.	DR. DOLITTLE	75
19.	SCARY MOVIE	73
20.	ONE NIGHT AT MC COOLS	65
20.	NYE STREKER MED EMIL I LØNNEBERGET	65

Kort om opplegget kring dei norske filmane:

"Heftig og begeistret": Vi samarbeidde med Balestrand songlag som stilte med dei mandige kormedlemene og dermed laga blest og stemning kring filmen. Kinøsjeften vitja Røde Kors besøksteneste for å informere om filmen og opplegget rundt i von om å få infohjelp til å få med ut eldre og uføre som har lite tilbud. Vi sette opp heile 5 framсыningane i samband med påska.

Filmen vart sett opp att som ynskjerereprise på Den store kinodagen.

"Mongoland": Vi fekk besøk av skodespelarane Kristoffer Joner og Marco Kanic, og arrangerte "Filmbad" (inspirert av Bokbadet) i forkant av visninga. Det vart ein fin dialog mellom sal og scene. Etter filmen var det høve til å stille oppfølgande spørsmål.

Film- og videograppa vår (hovudsakeleg ungdomar på ungdomsskule- og vidaregåande skule) deltok. Vi tok kontakt med fylkesradio og Vestlandsrevyen om opplegget vårt, men dei hadde diverre ikkje folk å sende. Dei var interesserte i å følge opp dersom det vart vidare lokal filmskaping i Balestrand.

Det var spesielt kjekt å gjere noko ekstra rundt engasjerande norske filmar!

D. Den store kinodagen

Det lokale arrangementet la vekt på filmen og mindre på andre aktivitetar i år.

Vi satsa på filmar for alle aldrar, med blanding av gamal og ny film.

Starta kl.10.00 med stand i sentrum der vi hadde spørjetevling og dreiv reklame for filmene.

Kl.11.00 opna vi kafé i Vetlesalen. Her viste vi videofilmar laga av ungdomane sjølve og serverte kaffi,te, kake,vaflar og etterkvart også pizza fram til siste film starta kl.23.00.

Gjennom samarbeid med Sogndal kino fekk vi heldigvis ein rykande fersk film,"Atlantis".

Vel ein halv time over midnatt avslutta vi dagen. Då hadde publikum hatt følgjande filmmeny:

"Nye streker med Emil i Lønneberget", "America´s sweethearts", "Heftig og begeistret", "Atlantis – en forsvunnet verden", "Elling" og til slutt "Scary Movie 2".

Evaluering av dagen:

Vi prøvde å få Sygna ungarssklubb sitt mannskor til å vere forsangarar på karaoke under filmen "Heftig og begeistret". Dette gjekk diverre ikkje i boks. Kinosjefen gjorde sitt beste for å få til sang på "De nære ting".

Russen på Sygna vidaregåande skule arrangerte nattcup frå fredag til laurdag (andre året på rad) noko som antakeleg reduserte besøket ein del på filmen "America`s sweethearts". Vi skal prøve å få dei til å flytte dette arrangementet til ei anna helg.

Vi hadde vona at enno fleire ville sjå to gode norske filmar i reprise og at publikum hadde nytta seg meir av kafetilbodet!

Det var populært med trekning av gevinstar på inngangsbilletten.

Sjøl om samarbeidet med Sogndal kring nye filmar føreset at vi har ein person som kan og vil reise 9 mil + ferjer for å hente filmen (takk til Atle Johannes!), vonar vi at dette samarbeidet held fram. Det er viktig å ha minst ein rykande fersk film denne dagen.

Tilsaman kom 350 personar på kino denne dagen. Det var ny rekord for oss(19 fleire enn i 2000). Neste år satsar vi på ny rekord (om filmtilbodet blir bra)!

E. Skulekino:

Besøket på skulekino / barnehageframsyning var totalt 196 besøkande (231 året før) og ga ei billettinntekt på kr. 4.275,-.

Propp og Berta: 30 barnehageborn og 7 vaksne

Det største i verden: 115 elevar og 10 lærarar frå ungdomsskulen og Sygna vg

Et lite juleeventyr: 26 born og 7 vaksne frå Sagatun barnehage

Vurdering:

Det har vore vanskelegare å få til faste opplegg med skulane.

Positivt at skulane tok initiativ til skuleframsyning på "Det største i verden" kobla til undervisning om Bjørnson.

Etter den nye mønsterplanen bør det eigentleg vere sjølsagt med bruk av film i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig.

F. PR-arbeidet:

Viktigaste opplysningsreiskapen vår er framleis foldaren som går til alle husstandar 4-6 gonger i året. (Gjennom annonser i foldaren har vi fått dekka trykkeutgiftene.)

I tillegg til oppslagstavla på Holmatunet og oppslag rundt om på viktige

bygningar/treffplassar, har vi nytta Firda avis sitt "Det skjer" og ikkje minst annonser i Sogn Avis etter spesialavtale!

Vi har gratis annonser hjå dei og dei har gratis annonse på kinoen.

Dessutan har vi nytta «munn-til-munn»-metoden; antakeleg til det kjedsommelege for våre medmenneskjer...

Oppslag i avisene:

Firda, Sogns Avis og Ytre Sogn har hatt oppslag m.a. i samband med noregspremiere på filmen "Cast away" 26.01., spesialopplegget rundt filmene "Mongoland" og "Heftig og begeistret" pluss Den store kinodagen. I samband med den anonyme gåva vart det mediedekning både i lokalavisene, BT og i fjernsynsprogramma Vestlandsrevyen og Norge i dag.

DEN AKTUELLE STODA

A. Økonomi:

Grunnlaget for kinoen er stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-). År 2001 vart eit jubelår takka vere publikumsrekord, auka billettprisar, ekstra gåve på kr. 2.000,- frå sparebanken sitt aktivitetsfond og ikkje minst grunna ei anonym gåve på kr. 100.000,-.

Som rekneskapen syner vart det såleis eit overskot i 2001 på kr. 137.254,08.

B. Kinosalen:

Styret har prioritert opprusting av kinoen.

Vi har fått opp "gardiner" for inngangsdøra til salen. Dette dempar lys og lyd frå gangen og gir eit mjukt inntrykk. Styret for Bygdahuset P/L har, etter press frå kinoen, prioritert måling av storsalen i 2001. Vi fekk diverre ikkje gjennomslag for fargevalet.

Vi har sett av midlar til delfinansiering av nytt filmlerret.

Den teknologiske utviklinga krev at salen og utstyret vert oppjustert. Det er tinga teknisk utstyr som skal finansierast av den anonyme gåva.

Oppsummering av 2001:

År 2001 har vore eit godt år for Friberg kino. Sterkt at tre norske filmar kom på topp!

Vi som jobbar med kinoen har fått mykje vellæte frå sambygdingar og publikum på at vi har eit godt filmtilbod; noko den anonyme gåva også var eit teikn på. Dette er oppmuntrande for oss. Born og unge er dei viktigaste målgruppene vår. Difor uroar det oss at besøket på barne- og familiefilmar er relativt lågt samanlikna med tidlegare år. Dette gir oss ei ekstra utfordring i 2002. Kanskje bør vi vurdere oppretting av Barnefilmklubb el. liknande... Det er viktig at film- tilbodet blir nytta, for å oppretthalde kinoen i bygda.

Arbeidet vidare:

Mål: Å oppretthalde eigen kino i Balestrand.

Friberg kino vert sjølsagt påverka av sentrale vedtak. Så lenge Filmleigeavtalen fungerer kan vi til ei viss grad ha formeiningar om framtida for kinoen. Samstundes veit vi at så små kinoar som vår er nedleggingstrua om ein legg rasjonelle føringar til grunn. Publikum krev ein triveleg kino med m.a. god lyd og bilete pluss god komfort i kinosalen. Vi som driv kinoen meiner at det er viktig å samarbeide med nabokinoane t.d. kring kvalitetsfilmar, marknadsføring og kursing av medarbeidarar. Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt.

Viktige oppgåver framover:

1. Opprusting og vidareutvikling av Bygdahuset i samarbeid med styret for huset:

a) Det er planlagt fleire utbetringar som kjem igang til sommaren, ma. inngangspartiet, heis og WC for funksjonshemma, totalopprusting av scenen til C-scene. Då kjem endeleg nytt lerret på plass i framkant av scenen.

b) Jobbe for å få frigjort rom til nettkafé og videoverkstad i Bygdahuset.

2. Eigne investeringar:

Den anonyme gåva vil bli brukt til oppjustering av lyd m.a. nye surround-høgtalarar, djupbass-høgtalar, tennstøyfilter og CD-spelar.

3. Styrke økonomien gjennom

- a) auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv
- b) oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.
- c) oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.
- d) skulefilm / barnehageframsyningar.

4. Samle materiell som kan dokumentere drifta av Friberg kino gjennom 50 år,

inkl. intervju med veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff.

Vi reknar m.a. Balestrand Sogelag, Sagatun barne- og ungdomsskule og Sygna vidaregåande skule som aktuelle medspelarar.

Balestrand februar 2002

Marianne Hoff
kinosjef & skrivar